

## KULTURMINNEAVDELINGA; HORDALAND FYLKESKOMMUNE

Notat frå synfaring på Aga 26. april 2018

---

### SOLVEIG LOHNE ROGNVED

Føremålet med synfaringa var drøfting av prosjekt for kulturhistorisk løype på Aganeset.

#### Planlagt kulturløype

Løypa startar på parkeringsplassen der Askeladden ID 229190 ligg, og passerer tre gravrøyser, Askeladden ID 100779, 100778, 100777. Løypa går i terrenget fyrste del, og kjem ned til traktorveg nedanfor Askeladden ID 101161. Herfrå går løypa til klokkesteinen, Askeladden ID 127260 før den returnerer til parkeringsplassen.

#### Skilt

Det skal setjast opp skilt ved

- Parkeringsplassen. Dette skal omhandla utgravingane her, og andre kulturminne i nærleiken. Gjerne litt generelt om Aga i førhistorisk tid. Her kan det vera aktuelt å nytta foto frå Universitetsmuseet i Bergen. Her kan det òg vera aktuelt å markera i asfalten kvar det er gjort funn.
- Dam. Skilt om dyreliv som oppmoder folk om å ta ein pause her og studeralivet i dammen.
- Den gamle vika nord for aganeset som vart øydelagd av ras. Skiltet her skal handla om raset og om vika si tyding i den tidlege busetjinga på Aga.

#### Tilrettelegging

- Ein skal så langt som råd streba etter universell utforming på skilta
- Stien skal leggjast til rette så den er lett å finna fram på, men det er ikkje mål om UU på stien der den går langs sjøen
- I terrenget ved gravrøysene bør ein unngå skiltstav som skal fundamenteras i bakken. Dette fordi eit slikt tiltak vil vera søknadspliktig i høve til kulturminnelova. Ved å nytta skilt som kan festast på tre unngår ein dette problemet, og tiltaka vil vera reversible.

#### Rydding

- Kulturminna er noko tilgrodd, men kan lett ryddast fram så dei vert meir synlege.
- Etablerte tre som står på røysene bør ikkje fjernast, men oppskot og mindre tre bør ryddast vekk.
- Gravrøysa «Hegreurd» ID 100777 bør ryddast for einer og småtre som står i kanten av røysa. Gravrøysa på Aganeset, ID 100779, bør ryddast for einer, småtre og grov lyng. Gravrøysa 100778 på Aganeset er lite synleg, men bør ryddast for einer og oppskot av nye tre. Hordaland fylkeskommune vil utarbeida ein skjøtselsplan i samråd med grunneigarane og byggdalaget dersom det er ynskje om å gjera skjøtsel.
- Frå eit kulturminnemessig perspektiv kan round up nyttast til å smørje på stubbar for å unngå oppskot dersom dette ikkje strir mot andre reglar eller forskrifter i området.

#### Generelt

- Byggdalaget «Vikbygdingen» v/ Kåre Grønsnes er adresse for korrespondanse. Byggdalaget er prosjekteigar.
- Skilta på parkeringsplassen skal vera av same slag som folgefonna nasjonalpark på parkeringsplassen. I terrenget skal det nyttast mindre skilt som kan monterast på trestammer.
- Hordaland fylkeskommune har ein mal for kulturminneskilt. Me ser likevel her at sidan det allereie er mykje skilt i området, så er det teneleg at dei nye skilta passar til dei eksisterande skilta.
- Rognebærmøll. Det er indikatortre for rognebærmøll i området. Desse trea er merka, og må ikkje fellast.
- HFK skal godkjenna fagleg innhald på skilt før trykking

#### Vidare arbeid

- Etablering av kulturløype er trinn 1. I framtida er det ynskje om restaurering av trapper bak tunet og til fjells for å gje tilgang til ein utkikksplass med fugleperspektiv over tunet og området.

**Kommentarar til dokument «Kulturhistorisk løype Aganeset».**

Prosjektdokumentet gjer godt greie for prosjektet. Målgruppe og målsetjing er klårt skildra, og formidling av kulturminne og dyreliv knytt opp mot turtilbod og folkehelse gjer at tiltaket er eigna til å treffa mange ulike interessegrupper. Ettersom prosjektet er knytt opp mot Agatunet er parkering avklart, og løypa har eit tydeleg utgongspunkt. Formidling av den eldste delen av forhistoria i området vil vera med på å trekka lange tidslinjer som vil vera med på å setje Agatunet som kulturminne inn i ein større samanheng.